

Ein vanleg skuledag i Noreg.

Skulen starter klokka 08.55 og slutter kl.14.25.

Ein heil skuledag er til saman seks timer. Det er fem minutt mellom kvar time. Når tredje time er over er det matpause, den varer i 40 minutt. Når den er over er det igjen tre timer med fem minutt pause mellom kvar. Kvar time varer i 45 minutt. Vi får timeplan og lekseplan der vi kan sjå kva lekse vi har.

Skulen ligg ovanfor helsestasjonen på [Sted]. Om du skal ta buss til skulen frå [Sted] kan du gå på bussen ca. fem på halv ni ved [Navn] barneskole. Eller bli henta der du bor med buss vist den køyrer der. Om du bor på [Sted], må du enten gå eller ta buss vist du bor meir enn fire kilometer frå skulen.

Miljøet på skolen er veldig bra, alle er snille mot kvarandre og vi har ganske strenge regler for mobbing. Klassene er som oftast delt opp i A og B. Vi får karakterar i alle fag. Vi får ikkje A, B, C, D, E, og F. Vi har to kontakt lærare. Det er ei kantine på skulen son det går an og kjøpe mat i.

Vi jobbar ganske mykje på data i timane og har mykje lekse der. Vi plar og ha lekse kvar dag bortsett frå fredager. Vi er på skulen fem dagar i uka. På laurdagar og søndagar har vi fri.

Som fag har vi: samfunnsfag, naturfag, norsk, matte, RLE, engelsk, musikk, anna språk, valfag, og gym. Når vi har eit anna språk kan vi velje mellom tysk, spansk, og arbeidslivsfag. Når vi har valfag kan vi velje mellom blant anna fysisk aktivitet og helse, natur miljø og friluftsliv, teknologi i praksis, teneste og varer, og mykje anna. I naturfagstimene kan vi gjære forsøk nede på laboratoriet. Vi plar og gå ganske mykje turar.

Regler:

- Ikkje springe i gangane
- Ikkje lov med tyggis eller godteri.
- Må finne fram bøkene til neste time.
- Komme til rett tidspunkt til alt.

- Følgje alle regler.

Vi har ein ballbinge ute som det går an å sparke fotball i. Vi har også ei skaterampe. Vi har ein stor gymsal, som vi kan gymme i om vinteren. Vi har eit bibliotek der vi kan låne bøker.

Vi har eit elevråd på skulen som er med og bestemmer ting. Der er det fire frå kvar av alle klassene på heile skula som er med, to elevrådsrepresentantar og to som er vara. Vi har og ein rektor på skulen, han setter inn 100 kroner kvar uke til klassene om dei klarer og halde klasserommet ryddig.

